Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 | Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Elverum

Emne: Gamal engkultur | Bygdelag: Sørskogbygda

Oppskr. av: Per Kjønsberg | Gard:

(adresse): Sørskogbygda | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ordet eng har vori lite brukt i eldre tid.
Med ordet eng forstod ein helst ei inngjerding
utanfor sjølve jordet. Ein sa ofte: „Han har
e' eng åva for garn". Eller „e slott-eng"
Det var ikkje det dei nå meiner med hamne-
hage. Desse engene har komi i forfall etter
1900. Dei har etter kvart vorti nytta til
hamnehagar og seinare har dei vaksi att
med skog, fyrst lauvskog og seinare har
lauvskogen vorti nedhoggen til ved. Gran-
skogen har vorti einerådande. I siste åra
har sume hoggi ned skogen og laga kultur-
beite etter kvart som sæterbruket har gått
attende.
Vanleg naturleg eng på sjølve jordet vart
kalla „voll". I seinare år seggjer mange voll
om „attlagt åker" eller „ekre" og. Med andre
ord. Dei blandar saman omgrepa.
Ordet ekre er kjent med brei e eller „ekre"
Dei seggjer her: Jeg har lagt att Storåkern, nå
Det er og brukt i eldre tid: Je har mesta
attleje i år. Dermed meinte dei truleg og,
fyrste års ekre.
På naturleg eng tala dei om „fetvoll"

2515

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2515

og „skrenslott" ɔ: vanleg skrinn eng, og så den dårlegaste, som vart kalla „skarvslott". Dette var i dei to siste høve helst om eng med grasut på.

Ordet høy vart ikkje brukt. Ein sa „før" På fetvoll'n vaks fetfør, på skrenslåtten „småfør" eller „skrenfør". Det dårlegaste høyet fekk ofte utnamnet „grabakerfør" eller „bakerfør." Verane vart nok dårleg fora, kan ein forstå. Med fetfør meinte ein helst fint, langt høy, utan grove stylkar.

Slåtten på „engene" var helst skrenslått, eller skarvslått dersom det var mykje stein og små-skog. Stuttorvljåen har ikkje vori i bruk det nokon veit. Men på steinut slått brukte dei helst ein stutt og smal-sliten ljå.

Dei vanlegaste utslåttane var myrslåttar, som ikkje hadde skigard, og så hadde dei inngjerdingar langs med slette elve-strender. Dette var kalla „rønninger" (ein eller „slottrønninger". Her vaks det helst stiv finnskjegg. På myrslåttane brukte dei lange, lette ljåar.

På myrslåttane vart høyet kalla „stor", på rønningane „strandfør".

2. Det vaks ofte både store og små tre på eng-slåttane. Frå store bjørk- og grantre kom det mykje avfall, kvist, konglar og lauv. Det var fast våraarbeid etter snøen var borte og bakken turr – „å rø". Ein sanka saman grovkvist og raka ihop småkvist og fjor-gamalt lauv og la det i „kasar". (Ein kasa fl. kasar) Ein la det ofte på ein kvisthaug („kasa") frå året eller åra før. Fekk ein tid

2515

brende ein „kasan" med det same.
Småkvist og lauv vart samla, anten i vierkorger eller meisar. Sume brukte berre eit stort „strie forkle". Vart småskogen litt for tett, hogg dei han ned og tok „kjervlauv" like etter slåttonna. Största stommene köyrde dei fram til „vedskålen" på stutting seinhaustes etter det kom eit snörim. Greiner og små stommer hakka dei av med öks på staden til „pinne ved" og bar heim i meis til sumarsved.
Resten, småkvist og anna avfall, vart lagde i kasar og brende neste vår. Dersom det fall seg, brukte folk gjerne same „kasa stå'n" i lange tider. Dei brende kasane so framt dei kunne gjera det for eldsfaren. Men i kantane av granskog laut dei liggja og rotna.
Mange stader der det vaks mykje höy, tok dei på å „stenbryte". Dei braut opp steinane om hausten og köyrde dei bort anten på berrbakken eller, om det var mykje stein, om vinteren.
Sidan vart hola fyllte med jord frå åkerreiner eller frå ein jordbakke.
Sume la ei tjukk jordbreie over heile „steinbrotet". Om våren ~~så~~ sådde dei i havre og höyfrö og fekk gode avlingar i fleire år. Oska frå kasar vart ikkje nytta til gjödsel på annan måte enn at dei ofte la kvist, opbrotne röter og avfall på åkeren og brende det der, dersom det var lagleg.

3. Mosevaksen eng „gjorde folk „lite ved". Mosen fekk veksa. Det einaste kunne vera at dersom bakken var jamn og fin, la dei på ei dugeleg gjödselbreie.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2515

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2515

Det er ikkje råd å vita om dei sådde høyfrø på åker eller eng føre skiftekroket kom på. Sume segjer dei sådde ut „høymø" som låg att i „førgolvet" om våren. Men dette vart helst gjort i kasa stader.

4. Det har vori nokså mykje veitgraving. Sume stader ville dei leida vatnet bort, men ein kan finna at dei har ført veitene fram på turre bakkar. Mange stader er det nå mest uråd å skyna meininga med dei. Jamvel på setrane kan ein finna djupe veiter på myrar som før har vori slåttemark. Vanleg engvatning har det ikkje vori.

5. I gamal tid har dei gjødsla eng med vintergjødsel. På einskilda gardar aust mot svenskegrensa køyrde dei mykje av kugjødsla ut på naturleg eng så seint som i 1943. Det var lite åker på desse gardane. Det var så vidt ein veit ingen viss part av vintergjødsla som vart køyrd ut på enga. Det avgjerande var kor stor buskapen og åkeren var. Åkeren vart gjødsla fyrst. Resten gjekk til enggjødsel.
Dei heldt god rekning med kor mange lass far og farfar hadde køyrt på det og det stykket, og så lenge den gamle bruksmåten heldt seg, var det godt å ha noko å halda seg til når ein køyrde ut gjødsla. Elles kunne sjølsagt den gjødselmengda dei hadde, spela inn: Dei ville ha størst mogleg engvidd i hevd.

6. Namn på slik eng var „fet voll" og på høyet frå denne enga, „fetfôr".

2515
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7. Ein kan sjå at mest alle gamle gardar hadde husa öst på jordet eller i alle fall på ei högd. Kva grunnen kunne vera er ikkje visst. Ein kan sjå merke etter små veiter på skrå i bakkehald nedanfor fjös eller stall der det har vori höve til å spreida siget frå „fjösdynga" ūtover. Noko namn på eng gjödsla på denne måten finst ikkje. Alle gamle åkrar låg på haugar og oppi bakkar, men det var ikkje avdi siget skulle koma marka nedanfor til gode, for nedunder alle gamle åkerreiner låg det digre steinröysar. Åkrane var helst lagde der for frosten si skuld.

8. Ein skulle helst gjödsla enga like etter slåtten. Mange gjödsla seinare på hausten, men dei ferraste gjorde det om våren.
Dei köyrde ut gjödsla på trestengd slede med låg karm. Dei måka gjödsla på sleden med „tverrekkei". Sume skal ha brukt eit greip av tre. Det hadde tre tindar.
Ute på marka kunne dei anten spreida frå sleden eller velta lasset av etter dei tok av karmen. Så spreidde dei etterpå.
Kugjödsla vart ofte turr og skorpet. Ein venta difor med „mökkjegnuinga" til seinhaustes, gjerne til det hadde regna og gjödsla hadde vori spekt og tint opp att.
Då köyrde dei ei kvistutte gran, krossvegis over „breia". Andre „gnudde mökka" med ei sterk tre-rive. Kom speken for fort, kunne dei og gnu tidleg om våren med same snöen hadde runni av.
Seinare kom det stuttkjerre og greip av jarn

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2515

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2515

og ei slags moseharv i bruk. Dei fleste kan ikkje minnast andre reidskap enn greipet til å måka med. Denne framgangsmåten er i bruk på satrane ennå. „Trerukkuå" var i bruk på satrane så seint som i 1890-åra. Men då hadde jarngreipet vori i bruk i 30-40 år på gardane. Riva har truleg vori nytta til mökje gjøming langt attende i tida. Ingen veit noko visst.

9. Beiting har nok vori vanleg haust og vår, men helst om hausten. I eldre tid - ca 100 år sidan - hadde dei varsatrar, og alle dyra kom gjerne dit om våren. Om hausten var det vanleg å beita på sjölve jordet så lenge det var „utgångi". Det hjelpte på föret.
Litt gjödsel la nok kua att, men det ser ikkje ut som dei ansa det så mykje.
Dei fleste stader fekk kyrt og sauer gå over heile jordet om hausten, men sjelden om våren. Då kom dei bort i „engene" eller til vårsatra.

10. Ein kan vel segja at engbeitinga stort sett har haldi seg ved lag heilt ned til i dag. Det einaste kan vera at nå er vårbeitinga heilt slutt. Dette har serleg vorti så etter 1900.

11. Ein „gnudde ruker" med ei sterk rive einhaustes eller tidleg om våren. Annan reidskap til dette bruket kjenner ikkje gamle folk.

12. Ein hadde kröttera i sumarsfjös. Men det var eit fåtal gardar som hadde slikt heime på garden. Det stod gjerne i hamnehagen til bruk for „hemkuå". Dei andre kyrne var på satra, i alle fall i eldre tid.

2515

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Etter 1900 vart ^mange^ sætrar nedlagde, og desse kyrne som fyrr hadde vori på sætra, kom på hamning i utmarka heime. Dei laut difor setja opp sumarfjös til dei ved utskigarden.
Denne slags hamninga er litt på attendevegen nå etter at kulturbeita har komi på.
Gjödsla frå sumarfjöset heime vart nok köyrd ut om hausten og spreidd på same måten som vintergjödsla, men der det var stuttast veg bort til enga, anten det så vart på sjölve jordet (oftast) eller det var i ei „eng". Meir enn eitt sumarfjös var det ikkje på ein og same garden. Store gardar hadde alltid sætrar og trong fjös berre åt ei eller to heimkyr.
13. Ingen nå for tida veit anna enn at dyra kom i hus om natta. Men dei brukar ordet „kve" (ei kve) og „kalvkve" ennå. Det er kjent frå gamalt i Trysil at kyrne vart samla i kve på sætrane om natta.
Med kve meiner ein nå ein sers liten hamnehage, gjerne til kalvar – kalvkve"
Flyttbare kveer er, så vidt eg kan sjå, ukjente.
14. Fell bort.
15. " "
16. " "
17. " "
18. Flyttbare sauefjös er ukjente.
19. Ordet trö er kjent frå Nord-Østerdal
Taje og teppa er kjente ord i S. Elverum.
I Kyrnnberget segjer ein „e taje" om ei ganske lita inngjerding. I Uthuslia er det eit lite bruk som heiter „Vttar-teppa"

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2515

Det er sett attåt mannsnamnet Ottar og er bruka som stadnamn.

20. Det er ikkje godt å segja om satrane var inngjerde frå fyrst av. Men dei har nok vori det i dei siste 300 åra. Inngjerdinga vert kalla „saterv'ollin". Dei slår satervollane så lenge det er skigard i kring dei. Nå er truleg snart halvparten av satrane nedlagde – som satrar og mange som slåttar. Der det ikkje kjem gjødsel på satervollen, veks det gjerne snart att med lyng og skog.
Satervollane vert gjødsla på gamal vis den dag i dag. Men ein brukar nå greip i staden for „rükkü". Alle stader brukar dei ennå sleden til utkøyringa.
Dei køyrer ut gjødsla med det same dei kjem til satra om hausten og skal henta heim budrotten og kyrne.
Sidan gjødsla er utkøyrd, ~~er~~ vert noksa mykje av hamna på satervollen utskjemt.
Difor ventar dei så lenge med det.
Karane kjem oftast opp att ein tur seint på hausten og „gnur mokka".

21. Fell bort.

Sume stader hadde dei satrar og rønningar på flatland langs elvar og åar.
Dei demde dei ofte opp så vatnet fekk stå over enga ei tid. På den måten fekk dei noksa god høyavling.
Så har vi dei gamle „sveene", der dei brende med skog og lyng og fekk fyrst rug og sidan gras. Det var helst finnane som dreiv med det straks dei kom hit.

2515
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2515
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hed.
Elverum

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

2472

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Svar: Nei.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Svar: Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Svar: Nei.

Hedmark fylke.

Elverum.

Samlar: Per Kjønsberg
Sørskogbygda.